



REFERAT – KOMMUNEREFORM

Møte på kommunehuset Smia

16.08.2018 kl. 12:30

Til stades:

Rune Sjørgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, ass. rådmann

Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Paul Ottar Tornes, prosessleder digitalisering

Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
1. Referatet frå førre møtet v/ Joakim	
Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven gjekk gjennom referatet frå sist møte.	

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
2. Saker til fellesnemnda 6. september	
Følgjande saker vart sett opp som tentativ sakliste til det neste møtet i Fellesnemnda den 6. september:	
<ul style="list-style-type: none">• Økonomirapportering• Grafisk profil• Politisk organisering• Oppdatert prosjektplan	KMS JR JR/JA AM
<ul style="list-style-type: none">• Grensejustering Bjørke (orientering)• Statusrapport om samanslåingsprosjektet (orientering)• Eventuell revidering av møteplan (orientering)• Innkjøpsregelverk og organisasjonsnummer (orientering)	

Aktivitet 3. Grensejustering	Ansvarleg oppfølging
<p>I forkant av møtet i Styringsgruppa møtte ordførarane og rådmennene i dei to kommunane til ein førebunde prat om prosessen vidare for grensejusteringa ved Bjørke/Viddal.</p> <p>Fredag 24. august skal Nye Volda og Ørsta i møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for å gå gjennom vegen vidare i denne prosessen.</p> <p>Aktuelle tema for dette møtet er å gå gjennom regelverket for den praktiske gjennomføringa av grensejusteringa, samt sjå på eventuelle forpliktingar og kompensasjonar knytt til denne prosessen.</p>	<p>RS AKL SOL JA</p>

Aktivitet 4. Organisasjonsnummer	Ansvarleg oppfølging
<p>Ifølgje Asbjørn Moltudal er det no heilt avklara av den nye kommunen kan få behalde eksisterande Volda sitt organisasjonsnummer. Det einaste prosjektorganisasjonen treng å gjere er å gi attendemelding til Brønnøysundregisteret og Kartverket at den nye kommunen ønskjer å behalde nummeret i løpet av hausten 2019, så vil dette bli vidareført.</p> <p>Hovudargumentet for å behalde Volda kommune sitt eksisterande organisasjonsnummer er at det er ein stor jobb med å omregistrere alle avtalar som eksisterande Volda kommune har. Ved å behalde eksisterande organisasjonsnummer vil ein unngå langt større tids- og ressursbruk enn om alle avtalar skal omregistrerast.</p>	<p>AM</p>

Aktivitet 5. Avtalar	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleiaren påpeikar at det er nødvendig å seie opp dei avtalane som skal seiast opp før nyttår i inneverande år.</p> <p>Før den tid må ein gå så fullstendig oversikt som mogleg over avtalar knyt til tilskot og økonomiske forpliktingar. I ein slik prosess vurderer prosjektleiaren det slik at det kan bli aktuelt å frigi ressursar internt til å effektuere eventuelle oppseiingar av avtalar.</p> <p>Det vil også vere behov for ein gjennomgang på Interkommunale avtalar som skal seiast opp. Prosjektleiaren har sendt ut beskjed om å få tilbakemelding på avtalar i både Hornindal og Volda som skal forlengast og kva avtalar som kan/skal/bør avsluttast frå 2020. Med bakgrunn i innkjøpsregelverket og retningsval for interkommunalt</p>	<p>RS AKL</p>

<p>samarbeid, går Hornindal gjennom dei avtalene som skal seiast opp før nyttår.</p> <p>Ein må også gjere ei vurdering om det er avtalar elles som bør seiast opp og gjennomførast ny konkurranse.</p>	<p>POT for det som gjeld programvarer Sektorane for øvrige avtalar</p>
--	--

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>6. Informasjon om prosessane i sektorane</p> <p>Den administrative hovudstrukturen er på plass. Vidare denne hausten skal sektorane starte med eigne prosessar med fellessamlingar der temaet er vidare organisering under kommunalsjefane/leiarane på organisasjonskartet.</p> <p>For å skape ein felles kultur blant dei nye sektorane/avdelingane, vert det oppmoda til å til dømes ha sektorielle aktivitetar.</p> <p>Rekruttering kommunalsjef Denne stillinga vart lyst ut i god tid før sommarferien, og har søknadsfrist måndag 27. august. Nye Volda samarbeider med Personalhuset i Ålesund for rekruttering til denne stillinga.</p> <p>Romkapasitet På rådhuset i Volda er det no ganske pressa kapasitet på kontorlokale. Eigedomssjef Kjell Mange Rindal held på å sjå på alternativ for å løyse dette på kort sikt – og på lang sikt når prosessane i sektorane er meir oversiktlige.</p> <p>Prosjektleiaren ønskte å presisere at det vil vere avgjerande å få eit større bilete av korleis sektorane blir organiserte før ein tek ei endeleg avgjerd på kvar funksjonane vert lokalisert i den nye kommunen.</p>	<p>Kommunalsjefane</p> <p>RS</p> <p>KMR</p>

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>7. Eventuelt</p> <p>- Presentasjon på workshop om digital kompetanse I oktober skal kommunar som er tekne opp i prosjektet «Digital kompetanse i kommunane» halde ein kort presentasjon om kommunens erfaringar med digitaliseringsarbeidet. Prosessleiar for digitalisering, Paul Ottar Tornes, koordinerer dette opplegget med delegasjonen frå nye Volda.</p>	<p>POT</p>

<p>I etterkant av workshopen er det ønskeleg med ei erfaringssamling i relevante grupper (t.d. leiargruppe, Styringsgruppa, og liknande)</p> <p>- NAV/Landbruk Ørsta og Volda</p> <p>Det vert naturleg at vertskommunen leiår prosess på dette – noko Ørsta kommune er positive til. For at det ikkje skal vere urimeleg lastverk for Ørsta i denne prosessen, vil Nye Volda sjå på å gi ein kompensasjon for ressursane som Ørsta nyttar i denne prosessen.</p> <p>Leiår i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, fekk mynde til å forhandle ein avtale med Ørsta kommune om prosessen relatert til NAV og Landbrukskontor. Ørsta vil halde fram som vertskommune innanfor desse to tenestene etter samanslåing av Volda og Hornindal. Denne avtalen er no inngått.</p> <p>- VØR</p> <p>Gjennom vedtak i Fellesnemnda, og oppfølgingsmail frå prosjektleiar før ferien, er Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) informert om at Nye Volda ønskjer VØR sine tenester innanfor renovasjon.</p> <p>Prosjektleiar har vore i kontakt med Petter Bjørdal i VØR, som har starta i prosessen. Frå kommunen si side er det ønskeleg at VØR skisserer utkast til ein framdriftsplan med oppgåver som må løysast og vere på plass for renovasjon til den nye kommunen trer i kraft.</p> <p>Prosjektleiaren tek kontakt med VØR og sjekkar opp med VØR kva som må gjerast framover.</p> <p>Ein reknar med at frå kommunens side er det i stor grad berre snakk om formalitetar som vedkjem ny kommune, og at prosessen bør vere relativt enkelt å handtere.</p> <p>Som ein konsekvens av dette, må også Hornindal seie opp avtalen med NOMIL med verknad frå 01.01.2020 innan utgangen av 2018.</p> <p>- Prosjektstyringsverktøy</p> <p>Prosessleiar for digitalisering, Paul Ottar Tornes, gav ein kort gjennomgang av prosjektstyringsverktøyet Induct. Det krev litt av prosjektleiaren for dei aktuelle prosjekta, men styringsgruppa tykte det såg ut som eit nyttig verktøy for prosjektleiarar til å halde oversikt over pågåande prosessar.</p> <p>For å sikre at verktøyet vert nytta optimalt, er derfor opplæring til dette verktøy er derfor heilt nødvendig. Tornes får ansvar for å følgje opp ein tidsplan for aktuell opplæring.</p> <p>- Neste møte</p> <p>Styringsgruppa fastsette neste møtedato til 17. september kl. 10.00</p>	<p>SOL/Ørsta kommune</p> <p>RS</p> <p>AKL</p> <p>POT</p>
---	--

Møtet slutt kl. 14:20

Volda, 17.08.2018



Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar
Samfunn og Rådgjeving

Mobil 48229993
www.nyevolda.no